

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sande

Emne: Lynging og Mosing.

Bygdelag: Voksa.

Oppskr. av: Torvald Baade

Gard: Voksa

(adresse): Voksa.

G.nr. 63. Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Lyng som for er svært lite brukt. Det kan vera ei og onnar plassekjerring som fer uti marka med ein sekkjepose, når ho slett ikkje veit anna råd til noko å ha i kua. Men det må venteleg ha vore brukt i gamle dagar sidan kjerringa har greie på at det kan brukast. Når gamallt folk (80 år) talar om at den eller den hadde sett på så mykje at ho "laut ligge å klåre og rive lyng åt dei", so får ein ei kjensle av at lyngen var halden for å vera det ringaste ein kunne gi krøtera. Sau og geit som går mykje ute om vinteren et sakte litt lyng, men det må vera avdi dei ikkje finn anna etandes. Her er inga seiande segner om lynging eller mosefor anna det som er nemnt ovanfor, so ein kan gå ut frå at det er tolleg lite brukt.

1833

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING